Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. røter og tang. II — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Granvin

Emne: tang — Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Haukanes d.e. 80 år. — Gard:

(adresse): Folkedal — G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eigi røynsla.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. røter.

Eg kjenner ikkje til at her hev vore brukt som attåtfor eller hjelpefor slik som røter av kveke, burkne (blom), nøkkerosa o. l. røter. Høyrde heller ikkje av mine fedrar umtala det som noko naudfor

II. Tang

I min fars og bestefartid var tang brukt som attåtfor til sauen. Tare er ikkje å finna i Granvinfjorden.

Tang brukast truleg ikkje av nokon her i bygdi som for til sau og gris.

Far min sanka tang heile vetteren stundom; men det vart slutt umlag 1890. Han reiv tang med hendene, ikkje med ljå.

Grisatang (blæretang) skjer ein gjerne med ljå. Den slags tang hev vore brukt som gjødning til poteter.

Ein brukar ikkje lenger tang til grisen heller. Dei kokte tangen til grisen, men ikkje til sauen.

1593

Rognebær eller raunebær hev vore nytta som godt attåtfôr.

Kjenner ikkje til at hestamyk hev vore nytta til kreaturfôr i Granvin.

Syrpa.

Ein hakkar halm og turt potetris, legg det i ein rund syrpestamp eller i ei firkanta krubba og slær varmt vatn over so det vert ei syrpa.

Likeins gjer ein med agner av korn, kanskje blanda med litt avfalls-mjøl på og høyfrø. Syrpa er som regel varm. Ei kyr får som regel varmt drikka etter kalvingi.

Raunebæri vart samla i store kar eller tunnor, med rikeleg vatn over dei. Gjev so kyrna av logen i brynninga vatnet. Bæri får og kyrna. Til høns nyttar ein ikkje raunebær.

Drank hev ein ikkje høve til å få her i bygdi, heller ikkje mask frå bryggeri.

Fisk- og sildaavfall vert sjeldan nytta – i tilfelle berre til kuaggris og i kokt stand. Til sauer er ein rædd med sildaaofall, di røynsla er, at sauen kan kasta lambé.

7de mai 1948.

Jon Haukanes

1593
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING